

## Referat

### Styremøte i Sunnfjord Kulturråd.

Torsdag 28. oktoberber 2021 kl 19.00

Sakralrommet, Førdehuset

Innkalla:

#### Faste medlemmar:

Svein Inge Bjørkedal, Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Wilhelm Støylen, Karen Helga Maurstig, Nils Gjerland, Daniel Lira Figueiredo, Gerd Nesbø, Janne Karin Støylen

#### Varamedlemmar:

Unni Kriken, Miriam Førde, Cecilie Grydeland Lundsholt, Ingjerd Monsen Hjemeland, Hilde Gartland, Siri Brændmo

Møtte: Svein Inge Bjørkedal, Leon Årdal, Kirsten J. Friis, Karen Helga Maurstig, Nils Gjerland, Daniel Lira Figueiredo,

Sekretær: Johan Bengtsson

Saksliste:

1. **Presentasjon av Sunnfjordparken/Verftet** v/Thomas Henjesand, meldt opp av Daniel Lira Figueiredo.

Thomas var glad for å få komme og presentere Verftet. Det er toppetasjen i Sunnfjordparken. Kelly Nygård skal drifte det daglege i Sunnfjordparken. Daniel Levy jobber med Sunnfjordparken og Verftet, Thomas Henjesand og Arne Øvrebø jobber med Verftet. Det vert eit nytt bygg som blir ført opp no. 1. etasjen blir Leikeland og trampolinepark. 2. etasje opphaldsrom, kafe, bursdagrom møterom. Dei ynskjer få fram stilen frå det gamle Verftet.

4. Etasje: Klubbscene. Ca 300 m2. Dagtid Kantine og kafemat, handle i matbod eller ta med eigen mat. Ettermiddag kveld Kulinarisk utval frå matbodane. Alltid svært gode prisar på drikke. Aktivitetar: Golfsimulator, Sportsimulator, Escaperoom i VR, Spel i AR. Vip-room/Lounge, Event, Klubbscener Lokale talent, standup Karaoke, Lunsj/frukostmøter, Spelrom Shuffleboard, dart (kamera), biljard.

Avtale om sambruk 4. etasje Styrke studentmiljø. Plass til 500 – 750 personar i lokalet.

Musikkstudio/ungdomsklubb 3. etasje

Verftet, Sunnfjordparken siktar mot 100.000 besøkarakar per år. Har med investorar. Privat eierskap Daniel Levy, Kelly, Arne og Thomas

Reodorklubben og Høgskulen er i bygget ved sida av.

Planlegger opning i mars - april.

2. **«Felles oppslagstavle»** Oppfølging

Janne Karin held på med søknad. Svein Inge skal ta opp ideen med Sparebankstiftinga.

3. **Folkemusikkens og folkedansens dag** 16. juni 2022, v/Kirsten Friis

Folkorg – organisasjonen for folkedans og folkemusikk oppmodar til å arrangere Folkemusikken og Folkedansens dag 16. juni 2022. Dei lyser ut tilskotmidlar på 5 millionar. Kwart arrangement kan søke om 25.000 kr. Forslag frå Kirsten Friis om å samle folkemusikk og folkedanslag i Sunnfjord kommune. Lag i Sunnfjord kommune: Fjellklang, Indre Sunnfjord spelemannslag, Gaular spelemannslag, Naustdal spelemannslag, Ungdomslaga i Førde, Naustdal, Kulturskulen. Søknadsfrist i januar.

Forlag frå Svein Inge: Samle alle lag innan folkedans og folkemusikk i slutten av november. Forslag er før styremøtet torsdag 25.11. Tysdag 23.11 i Sakralrommet kl 18.00

#### 4. **Orientering om opplevingskort og fritidskort** Sunnfjord kommune v/Johan Bengtsson

##### **Opplevingskort:**

Opplevingskortet blei oppretta i Førde kommune 2012 og er vidareført i Sunnfjord kommune. Det er oppretta samarbeidsavtalar mellom Sunnfjord kommune, kultur og idretts institusjonar, lag, organisasjonar og arrangørar av idretts og kulturarrangement. Gjennom avtalane kan barn og unge, med følgje, få oppleve gratis kultur- og idrettsarrangement og aktivitetar uavhengig av familien sin økonomi. Følgje kan vere forelder, annan vaksen, eller ein ven til bornet/ungdommen som eig kortet. Det er NAV som deler ut Opplevingskorta til born og unge etter behov.

##### **Avtalar i 2021:**

- Konserter og framsyningar, Sunnfjord kulturskule
- Kulturarrangement, Førdehuset
- Kinoframsyningar, Kino Førde, Førdehuset
- Konserter og framsyningar, Førdefestivalen og FolkJazzScena
- Sunnfjord museum
- Sogn og Fjordane Kunstmuseum
- Teater Vestland
- Offentleg bading, Symjehallen Førdehuset
- Fotballkamper, Førde IL Fotball
- Sunnfjord Skisenter, Blomlia

##### **Fritidskort:**

- Det er politisk vedtak frå kommunestyret om å gå vidare på ei løysing der barn og unge i alder 6-18 år i familiar med inntekt under Kr. 545 000,- brutto (tilsvarande gratisplass SFO) skal få støtte slik at barn/unge kan delta i ein fast fritidsaktivitet.
- Fritidskortet er eit virkemiddel for å realisere Fritidserklæringa i Sunnfjord kommune.
- Gjennom samarbeidsavtale mellom Sunnfjord kommune og frivillige lag og organisasjonar kan barn og unge få ein gratis, fast fritidsaktivitet uavhengig av familien sin økonomi.
- Gjennom denne avtalen dekker kommunen medlemsavgift medan lag og organisasjonar tilbyr gratis plassar.

#### 5. **Andre saker**

Kulturprisen i Sunnfjord, Nominasjonsrunde. 2020: Vevringutstillinga  
Det er etterlyst forslag før 10. november

Avtalen mellom Sunnfjord kulturråd og Sunnfjord kommune er signert.

Kaffi på Førdehuset – årsavtale med SCC. Svein Inge forhandler med SCC.

29.10.21 Johan Bengtsson, sekretær